

**KOMMUNAL PLAN FOR FYSISK  
AKTIVITET, IDRETT OG FRILUFTSLIV  
2024 – 2028**

**VIK KOMMUNE**

**Vedteken 19.12.2024**

## Innhaldet i planen:

|                                                                           |    |
|---------------------------------------------------------------------------|----|
| Samandrag:.....                                                           | 4  |
| Kapittel 1. Behovet for ein plan, bakgrunn og føremål. ....               | 4  |
| 1.1 Behovet for ein plan: .....                                           | 4  |
| 1.2 Bakgrunn:.....                                                        | 6  |
| 1.3 Føremålet og intensjonar: .....                                       | 6  |
| 1.4 Planprosess og medverknad:.....                                       | 6  |
| 1.5 Planen som styringsverktøy: .....                                     | 7  |
| 1.6. Samanheng med andre planar:.....                                     | 7  |
| 1.7 Innhald og avgrensingar i planen: .....                               | 8  |
| Oppsummering kapittel 1: .....                                            | 9  |
| Kapittel 2. Spelemiddelordninga - søknad om spelemidlar.....              | 9  |
| Oppsummering kapittel 2: .....                                            | 10 |
| Kapittel 3. Evaluering av eksisterande plan og resultatvurderingar: ..... | 10 |
| 3.1 Status anlegg: .....                                                  | 11 |
| 3.2 Status friluftsliv og aktivitet: .....                                | 12 |
| 3.3 Status folkehelse: .....                                              | 12 |
| 3.4 Status deltaking i idretten:.....                                     | 13 |
| Oppsummering kapittel 3: .....                                            | 13 |
| Kapittel 4. Føringer.....                                                 | 14 |
| 4.1 Lover: .....                                                          | 14 |
| 4.2 Statlege føringer: .....                                              | 15 |
| 4.3 Regionale føringer: .....                                             | 18 |
| 4.4 Oppsummering kapittel 4: .....                                        | 19 |
| Kapittel 5. Definisjonar og klassifisering av anlegg.....                 | 19 |
| 5.1 Nærmiljøanlegg: .....                                                 | 19 |
| 5.2 Ordinære anlegg: .....                                                | 20 |
| 5.3 Nasjonalanlegg: .....                                                 | 20 |
| 5.4 Friluftsliv: .....                                                    | 20 |
| 5.5 Definisjonar:.....                                                    | 20 |

|                                                                |    |
|----------------------------------------------------------------|----|
| 5.6. Folkehelse – folkehelsearbeid: .....                      | 21 |
| Oppsummering kapittel 5: .....                                 | 24 |
| Kapittel 6. Målsetting for utbygging av anlegg og område.....  | 25 |
| 6.1 Overordna mål – Nasjonale mål: .....                       | 25 |
| 6.2 Regionale mål: .....                                       | 26 |
| 6.3 Kommunale mål: .....                                       | 27 |
| 6.4 Anleggsutbygging: .....                                    | 28 |
| 6.4.2 Rehabilitering av eit idrettsanlegg: .....               | 30 |
| 6.5 Tiltak – oversikt over delmål: .....                       | 32 |
| Sesong .....                                                   | 33 |
| Innan 2028 .....                                               | 33 |
| Oppsummering kapittel 6: .....                                 | 34 |
| Kapittel 7– økonomi. ....                                      | 35 |
| 7.1 Finansiering av utbygging:.....                            | 35 |
| Kapittel 8. Prioriterte satsingsområde i planperioden:.....    | 35 |
| 8.1: Område – regulerte for idrett og friluftsliv:.....        | 35 |
| 8.2 Anlegg som skal styrast av regional plan – Vestland:.....  | 36 |
| 8.3 Regionalt samarbeid: .....                                 | 36 |
| 8.4 Handlingsprogram – etter prioritet:.....                   | 37 |
| 8.4.1 Handlingsprogram ordinære anlegg etter prioritet: .....  | 37 |
| 8.4.2 Handlingsprogram – nærmiljøanlegg etter prioritet: ..... | 38 |
| 8.4.3 Langsiktig del ordinære anlegg – uprioritert liste ..... | 38 |
| 8.4.4 Langsiktig del nærmiljøanlegg – uprioritert liste: ..... | 38 |

## Samandrag:

Temaplan 2024 – 2028, avløyer kommunedelplanen for perioden 2020 – 2024. Utbygging og drift av anlegg vil framleis vera eit omfattande arbeidsområde. Planen skal vera retningsgivande og eit styringsverktøy for både politikarar og administrasjon, knytt til kommunen sitt arbeid med idrett, fysisk aktivitet og friluftsliv.

Gjennomføring av planen skal gå føre seg innanfor gjeldande økonomiske rammer i høve til økonomiplan og budsjett.

Behovet for ein plan, bakgrunn og føremål vert omtala i kapittel 1. Dette kapitlet tek og føre seg planprosess og medverknad, og samanhengen mellom denne planen og andre kommunale planar.

Kapittel 2 tek føre seg spelemiddelordninga og søknad om spelemidlar.

Kapittel 3 tek føre seg evaluering av eksisterande plan og resultatvurderingar.

Kapittel 4 tek føre seg nasjonale og regionale føringar.

Kapittel 5 tek føre seg definisjon og klassifisering av anlegg.

Kapittel 6 tek føre seg målsetting for utbygging av anlegg og område.

Kapittel 7 tek føre seg økonomi – finansiering av utbygging.

Kapittel 8 tek føre seg prioriterte satsingsområde i planperioden.

## Kapittel 1. Behovet for ein plan, bakgrunn og føremål.

### 1.1 Behovet for ein plan:

Temaplan for idrett, fysisk aktivitet og friluftsliv er ein revisjon av kommunedelplanen som vart vedteken av Vik kommunestyre i 2020.

Ein revisjon er ein gjennomgang av planen. Revisjon skal normalt gjennomførast ein gong i kvar valperiode. I tillegg bør handlingsprogrammet rullerast i planperioden, gjerne årleg.

Temaplan for idrett, fysisk aktivitet og friluftsliv 2024 – 2028, avløyer liknande plan for perioden 2020 – 2024.

Denne planen skal vera eit styringsverktøy for politikarane i arbeidet med å utøva kommunen sin idretts- og friluftspolitikk. Planen skal famna om mykje, og ikkje berre vera ein anleggsplan for idretten. Kulturdepartementet har ein eigen vegleiar for dette planarbeidet.

Denne vegleiaren seier m.a. at:

*”Idrett og fysisk aktivitet er det området som engasjerer flest mennesker i fritiden. Det krevjer aktiv samfunnsplanlegging for å ivareta disse interessene i arealforvaltningen, og for å få til en fornuftig tilrettelegging av anlegg og organisering av de ulike aktivitetene. For å oppnå dette blir det stadig viktigere å utvikle gode planer som politiske styringsredskaper for utviklingen innenfor idrett, fysisk aktivitet og friluftsliv. Gjennom planene skal områdene bli gjenstand for klare behovsvurderinger i forhold til samfunnsmessige og idrettspolitiske mål.”*

Utbygging og drift av anlegg vil framleis vera eit omfattande arbeidsområde. Dette gjeld både innanfor ordinære anlegg og nærmiljøanlegg. I tillegg vil det vera svært viktig at ein held ved like dei anlegga som er kome på plass. Fleire av anlegga nærmar seg tid for rehabilitering.

Anlegg er likevel berre eit av fleire verkemiddel for å aktivisera folk. Idrett og fysisk aktivitet i form av trening og mosjon vert i større grad og drive av alle aldersgrupper i befolkninga. Folk i alle aldrar har behov for aktivitet. Dette er og noko som fleire offentlege meldingar peikar på, m.a. Stortingsmelding nr 24 ( 2022 – 23) « Fellesskap og meistring». Meldinga peikar på at det er fleire sektorar som har ansvar for å skapa eit aldersvennleg samfunn, eit ansvar på tvers av fleire sektorar.

I arbeidet med å fremma aktiviteten for eldre i kommunen har særleg turvegen Sylvringen vore viktig.

Lag og organisasjonar er berebjelkar for ulike aktivitetar for både unge og vaksne i kommunen. Desse lag og organisasjonar legg ned betydelege innsatsar for at born og unge skal ha eit trygt og godt oppvekstmiljø.

Planen skal:

- leggja føringar på å sikra areal for leik, friluftsliv og idrettsaktivitetar
- avklara oppgåver, ansvar og økonomisk ansvar ved utbygging, drift og vedlikehald av både nærmiljøanlegg, idrettsanlegg og friluftsanlegg

## 1.2 Bakgrunn:

For å kunna søkja om statlege spelemidlar, stiller Kulturdepartementet krav om at kommunane har ein plan for idrett og fysisk aktivitet. Planen skal innehalda både eit handlingsprogram med prioriteringar og ein langsiktig plan.

Denne planen har ein generell del, eit fireårig prioritert handlingsprogram og eit uprioritert langtidsprogram. Det prioriterte handlingsprogrammet har ei årleg rullering, med politisk vedtak som grunnlag for søknad om spelemidlar kvart år.

## 1.3 Føremålet og intensjonar:

Føremålet med temaplanen er å leggja til rette for ein plan og ei målstyrt utbygging av anlegg og tilrettelegging av område for idrett og friluftsliv. Planen skal vera overordna og retningsgjevande for arbeidet innan fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv i kommunen, og skal brukast av både politikarar, administrasjonen i kommunen, lag og organisasjonar og ev andre.

I tillegg til å oppfylle kravet om at anlegg som det skal søkjast spelemidlar til, må vera med i ein kommunal plan.

## 1.4 Planprosess og medverknad:

Medverknad og forankring til planen er sikra gjennom høyringsprosessar. Ålmenta, offentlege myndigheiter, relevante råd og frivillige lag og organisasjonar er inviterte til å koma med innspel til planen.

Planen er vedteken av kommunestyre.

## 1.5 Planen som styringsverktøy:

Planen skal vera eit strategisk styringsverktøy for både politikarar og kommunedirektør med omsyn til utbygging av idrettsanlegg og andre anlegg for fysisk aktivitet. Planen er difor eit overordna politisk styringsdokument, og skal vera grunnlaget for det administrative arbeidet på området.

Planen har som målsetting å utdjupa mål og strategiar på område som er vedtekne i temaplanen.

Denne planen er viktig i høve til rekkefylgja på utbygginga av anlegg. Planen dannar grunnlaget for søknad om spelemidlar. Når ein søknad om spelemidlar er godkjend, vil ein få spelemidlar «ein eller annan gong» ( dersom ein søker att). Difor vil lag og organisasjonar si evne og vilje til sjølv å bidra med økonomiske og menneskelege ressursar kunna påverka tidspunktet for realisering av ulike prosjekt.

Utbygging og drift av anlegg vil framleis vera eit omfattande arbeidsområde. Dette gjeld både innanfor ordinære anlegg og nærmiljøanlegg. Saman med ulike lag og organisasjonar, ynskjer Vik kommune å få fram ulike tiltak som styrkjer folkehelsa til dei som bur i kommunen.

Føremålet med det vidare planarbeidet vil vera å leggja til rette for at alle innbyggjarane i Vik kommune skal ha best mogleg føresetnader for å driva med idrett, friluftsliv og fysisk aktivitet gjennom ein heilskapleg anlegg- og aktivitetsspolitikk for følgjande område:

- Idrett
- Friluftsliv
- Eigenorganisert aktivitet
- Kvardagsaktivitet

## 1.6. Samanheng med andre planar:

Prosjekt som er med i handlingsprogrammet i denne planen skal vera avklara gjennom arealdelen i kommuneplanen og økonomiplanen.

Kommuneplanen – samfunnsdelen, syner overordna mål og satsing.

Kommuneplanen – arealdelen, sikrar naudsynt areal.

Økonomiplan og budsjett, syner kommunen sine konkrete bruk av ressursar til anlegget, er saman med denne planen grunnlaget og føresetnadene for å få tilskot m.a. frå spelemiddelordninga.

## 1.7 Innhald og avgrensingar i planen:

Dette er ein tematisk plan innanfor samfunnsplanlegging, avgrensa til å omhandla idrett, friluftsliv og fysisk aktivitet.

Planen vil leggja føringar for framtidig planlegging, utan at den er juridisk bindande når det gjeld disponering av areal. Bruk av areal/vurdering i bruk av areal må takast med i kommuneplanen sin arealdel, og til ei kvar tid gjeldande reguleringsplanar.

I rettleiar V-0798 B, oppmodar Kulturdepartementet om at planen har følgjande innhald:

- ✓ Målsetting for Vik kommune si satsing på idrett, fysisk aktivitet og friluftsliv
- ✓ Målsetting for anleggsutbygging og sikring av areal for idrett og friluftsliv
- ✓ Resultatvurdering av førre plan med statusoversikt
- ✓ Vurdering av langsiktige og kortsiktige behov for anlegg og aktivitet i Vik kommune
- ✓ Samanheng med andre planar
- ✓ Handlingsprogram etter prioritet
- ✓ Oversikt over venta kostnader knytt til drift og vedlikehald av dei planlagde anlegga
- ✓ Ei uprioritert liste over langsiktige behov for anlegg
- ✓ Lokalisering av eksisterande og planlagde anlegg, område for friluftsliv og behov for areal for planlagde anlegg og friluftsområde



## Oppsummering kapittel 1:

For å kunna søkja om statlege spelemidlar, stiller Kulturdepartementet krav om at kommunane har ein plan for idrett og fysisk aktivitet. Planen skal innehalda både eit handlingsprogram med prioriteringar og ein langsiktig plan.

Temaplan for idrett, fysisk aktivitet og friluftsliv 2024 – 2028 er ein revisjon av kommunedelplanen som vart vedteken av Vik kommunestyre i 2020.

Medverknad og forankring til planen er sikra gjennom høyringsprosessar.

Planen er vedteken av Vik kommunestyre.

## Kapittel 2. Spelemiddelordninga - søknad om spelemidlar.

Sidan 1948 har Norsk Tipping gjeve heile overskotet sitt tilbake til befolkninga. Pengane vert fordelte etter fordelingsnøkkel, § 12 i Lov om pengespel ( pengespellova).

Kulturdepartementet forvaltar overskotet og dei ulike søknadsordningane som kan søkjast på for å få midlar. Anlegg som skal få spelemidlar lyt vera ein del av plan for fysisk aktivitet.

Krava for ev tilskot er sett i dei til ei kvar tid gjeldande «*bestemmelser om tilskudd til anlegg for idrett og fysisk aktivitet*».

Fylkeskommunen har ansvaret for tildelinga av statleg støtte/spelemidlane kvart år.

Det kan søkjast om midlar til ordinære anlegg og til nærmiljøanlegg.

**Ordinære anlegg:** er anlegg for organisert og eigenorganisert idrett og fysisk aktivitet.

**Nærmiljøanlegg:** er anlegg eller område for eigenorganisert fysisk aktivitet, som ligg i tilknytning til bu- og/eller opphaldsområde. Med nærmiljøanlegg meiner ein berre utandørs anlegg.

**Vilkår for tilskot:**

- Det er berre eigar av anlegget som kan søkja om tilskot frå spelemidlane
  - Anlegget skal ha rett utforming og funksjonalitet
  - Anlegget skal vera universelt utforma
  - Søkjar må ha rett til bruk av grunnen der anlegget ligg/skal liggja
  - Anlegget skal vera del av ein vedteken kommunal plan som omfattar idrett og fysisk aktivitet
- Dette kravet gjeld likevel ikkje for: orienteringskart og skilting/merking av eksisterande turveg, tur/skiløyper og turstiar.
- Prosjektet må vera fullfinansiert

Søklarane må vera budde på å venta på tildeling av midlar fordi det ikkje er balanse mellom tildelte midlar og godkjend søknadssum. Godkjende søknader må sendast inn att som «fornya» til dess ein får midlar.

Eit anlegg er ikkje ferdig før sluttregneskapen er godkjend.

## Oppsummering kapittel 2:

Kulturdepartementet forvaltar overskotet og dei ulike søknadsordningane som kan søkjast på for å få midlar. Anlegg som skal få spelemidlar lyt vera ein del av plan for fysisk aktivitet.

Fylkeskommunen har ansvaret for tildelinga av statleg støtte/spelemidlane kvart år.

Det kan søkjast om midlar til ordinære anlegg og til nærmiljøanlegg.

## Kapittel 3. Evaluering av eksisterande plan og resultatvurderingar:

Dei siste 25 åra har det vore relativt stor anleggsutbygging i Vik kommune.

Her må ein nemna både skianlegget på Kålsete, Vik idrettspark, turveg, nærmiljøanlegg og dagsturhytte. Kommunen har difor nærmiljøanlegg, turveg og ordinære anlegg, som har ført med seg positive aktivitetar for folk i ulike aldrar. Turvegen «Sylvringen» er ikkje fullført. Dette skuldast i hovudsak manglande grunneigaravtalar.

### 3.1 Status anlegg:

#### **Følgjande anlegg har fått spelemidlar og er tekne ut av planen:**

- Rehabilitering av lysanlegget kunstgrasbana – Vik idrettspark.
- Ballbinge Flatbygdi skule – barneskulen.
- Rehabilitering av kunstgraset i ballbingen Feios skule.
- Garasjebygg/lagerbygg Vik idrettspark.
- Rehabilitering av grasbana Vik idrettspark.
- Rehabilitering av eksisterande klubbhus grasbana, Vik idrettspark.

#### **Desse tiltaka har godkjende søknader om spelemidlar og vert sendt inn att som «fornya» søknader til dess ein får utbetalt spelemidlane. Dette gjeld for:**

- Nytt garderobebygg Vik stadion.

#### **Følgjande tiltak er ikkje gjennomførte og heller ikkje godkjende som søknad om spelemidlar:**

- Rehabilitering av klubbhuset på Modig stadion
- Garasjebygg Vik skisenter Kålsete
- Rehabilitering av turstien til Gunnarsete
- Utviding av asfaltløype Vik skisenter Kålsete ( for å oppnå c-lisens på sommaren)
- Innandørs anlegg for fotball/friidrett ( hall)
- Innandørs skytebane Simas hallen
- Lys på Vik stadion ( friidrett)
- Ombygging av Blixhalli – universell utforming
- Rehabilitering av turstien til Tundalen, Fresvik
- Rehabilitering av turstien «Suten opp»
- Klatrepark Feios skule
- Rehabilitering av kunstgraset i ballbingen Fresvik skule
- Rehabilitering av kunstgraset i ballbingen Valsvik skule

- Rehabilitering av kunstgraset i ballbingen Vangsnes skule
- Sentralt skytebaneanlegg – Svidlangmyri
- Ny funksjonærbu Aafedtdalen m/kjøkken og toalett
- Trafikkområde Vik aktivitetspark
- Turvegar i Vik ( parsell 3)
- Rehabilitering av golvet i Blixhalli. Tiltaket er spela inn til regional plan for idrett

Prosjekt som er med i handlingsprogrammet i denne planen, skal vera avklara gjennom arealdelen i kommuneplanen og lagt inn i økonomiplanen.

### 3.2 Status friluftsliv og aktivitet:

Friluftsliv har lange tradisjonar i Noreg. Det å kunna vera i fysisk aktivitet /opphalda seg i naturen. Naturen gjev oss mange opplevingar.

Vik kommune har svært gode føresetnader for at ein kan utøva friluftsliv både sommar og vinter. Dette gjeld og for høve til laksefiske, jakt, i tillegg til at det er DNT hytter i deler av fjellområda. Besøk på ulike trimpostar, bruken av dagsturhytta, barnas turlag m.m. syner stor aktivitet, og fortel at det er mange som har friluftslivet som hobby.

Naturressursar og kulturminne bør utnyttast breitt som ein positiv ressurs både for innbyggjarane i kommune og for dei som kjem på besøk her.

### 3.3 Status folkehelse:

Trass i relativt stor aktivitet hjå mange, har det likevel mange som har lite kvardagsaktivitet og aukande inaktivitet. Dette fører vidare til utfordringar med sosial isolasjon og psykisk helse. For å bota på dette kan Vik kommune i større grad leggja til rette for eigenorganisert kvardagsaktivitet med m.a. trygge gang og sykkelvegar, turløyper sommar og vinter og høve til turar i nærmiljøet. Vik kommune er i ferd med å få på plass ny frivilligsentral. Dette er med på å utvikla sosiale møteplassar og medverknad for alle grupper i befolkninga.

### 3.4 Status deltaking i idretten:

Vik kommune har relativ høg deltaking i idretten. Dette har og vore trenden i mange år.

Ungdommane må ut av kommunen når dei skal starta på vidaregåande utdanning.

Mengda av ungdommar flyttar då på hybel til Sogndal, og vert elevar ved Sogndal vidaregåande skule. Dette kan vera ei medverkande årsak til ei mindre deltaking i lag og organisasjonar i kommunen.

### Oppsummering kapittel 3:

Sidan 1948 har Norsk Tipping gjeve heile overskotet sitt tilbake til befolkninga. Pengane vert fordelte etter fordelingsnøkkel.

Både denne planperioden og førre planperiode, har vore gjennom store prosjekt.

Kulturdepartementet forvaltar overskotet og dei ulike søknadsordningane som kan søkjast på for å få midlar. Anlegg som skal få spelemidlar lyt vera ein del av plan for fysisk aktivitet.

Fylkeskommunen har ansvaret for tildelinga av statleg støtte/spelemidlane kvart år.

Det kan søkjast om midlar til ordinære anlegg og til nærmiljøanlegg.

## Kapittel 4. Føringer.

### 4.1 Lover:

Aktuelle lover er:

#### **Folkehelselova:**

I Lov om folkehelse ( Folkehelselova) av 01.januar 2012 ( Sist endra ved Lov 01.01.2024), heiter det m.a. at

*«Kommunen skal fremme befolkningens helse, trivsel, gode sosiale og miljømessige forhold og bidra til å forebygge psykisk og somatisk sykdom, skade eller lidelse, bidra til utjevning av sosiale helseforskjeller og bidra til å beskytte befolkningen mot faktorer som kan ha negativ innvirkning på helsen».*

Kommunal plan for idrett og fysisk aktivitet er eit viktig verkemiddel i kommunen sitt folkehelsearbeid. Både gjennom tilrettelegging for ein planmessig og målretta utbygging av anlegg for idrett og fysisk aktivitet, og gjennom tilrettelegging for tiltak som skapar ulike former for aktivitet.

#### **Pengespellova:**

Spelemidler til anlegg for idrett og fysisk aktivitet er heimla i Lov om pengespel m.v. (pengespellova) av 01.01.2023, og forskrift om fordeling av overskotet frå Norsk Tipping A/S til idrettsføremål av 01.01.2023.

,

## 4.2 Statlege føringar:

### Statleg idrettspolitik:

Lovverk og statlege meldingar er førande for det regionale arbeidet med anleggsutvikling.

*«Sammen for aktive liv – handlingsplan for fysisk aktivitet 2020 – 2029»:*

I denne planen vil regjeringa skapa eit meir «aktivitetsvennleg samfunn». Meldinga peikar på at « Bevegelse og fysisk aktivitet er et naturlig val for alle gjennom hele livet». Hovudmål i denne meldinga:

*« Et mer aktivitetsvennlig samfunn der alle uavhengig av alder, kjønn, funksjonsnivå og sosial bakgrunn gis mulighet til bevegelse og fysisk aktivitet» og:*

*« Andelen i befolkningen som oppfyller helsemessige anbefalinger om fysisk aktivitet er økt med 10 prosentpoeng innen 2025 og 15 prosentpoeng innen 2030».* Innsatsområda i denne planen vert sett i samanheng med Meld.St.19 ( 2018 – 2019), og er retta inn mot følgjande område:

- Gå – og aktivitetsvennlege nærmiljø
- Fritid: friluftsliv, idrett m.m.
- Kvardagslege område: barnehage, skule og arbeidsliv
- Helse og omsorgstenester
- Kunnskapsutvikling og innovasjon

Dette er universelle tiltak rette mot heile befolkninga, tidleg innsats og like muligheiter for alle.

*Statlig idrettspolitik inn i en ny tid*, rapport frå Strategiutvalet for idrett, vart levert til Kulturdepartementet den 08.juni 2016. Idrettspolitikken skal bidra til at folk har eit breitt spekter av lokalt forankra aktivitetstilbod.

« Den norske idrettsmodellen», held fram at staten sin visjon for idrettspolitikken er idrett og fysisk aktivitet for alle. Målet er å leggja til rette for at alle som ønskjer det, skal ha høve til å delta i idrett eller driva eigenorganisert fysisk aktivitet. Born og unge er prioriterte målgrupper.

### **Statleg kunnskapspolitikk:**

Forskrift til opplæringslova § 1-1 a, « Retten til fysisk aktivitet»:

Elevar på 5 – 7 årsteg skal jamleg ha fysisk aktivitet utanom kroppsøvingsfaget. Den fysisk aktiviteten skal leggjast opp slik at alle elevane, utanom omsynet til funksjonsnivå, kan oppleve glede, meistring, fellesskap og variasjon i skuledagen.

Rammeplan for barnehagane kapittel 3:

«Barnehagens fysiske miljø skal være trygt og utfordrende og gi barna allsidige bevegelseserfaringer. Personalet skal utforme det fysiske miljøet slik at alle barn får muligheter til å delta aktivt i lek og andre aktiviteter, og slik at leker og materiell er tilgjengelig for barna».

### **Bestemmelser for idrett og fysisk aktivitet:**

Kulturdepartementet gjev ut bestemmelsane, og dei vert oppdaterte årleg. *Bestemmelser om tilskudd til anlegg for idrett og fysisk aktivitet – 2024*, gjeld for tildelingar i 2025.

### **Andre relevante nasjonale føringar:**

- ✓ Meld.St.15 (2022 – 2023) «Folkehelsemeldinga — Nasjonal strategi for utjamning av sosiale helseforskjellar» - Helse og omsorgsdepartementet
- ✓ Meld.St.10 ( 2018 – 2019) «Frivilligheita – Sterk, sjølvstendig, mangfaldig» - Kulturdepartementet

### **Statleg friluftslivspolitik:**

Friluftslova (LOV-1957-06-28-16), sikrar m.a. «allemannsretten». Dvs retten til fri ferdsel, opphald og aktivitet i utmark.

### **Meld.St.18 (2015-2016) «Friluftsliv – Natur som kjelde til helse og livskvalitet»:**

Er Klima og miljødepartementet sitt bidrag til å få enno fleire til å driva med friluftsliv, og få oppleve friluftsliv som ei kjelde til betre helse og høgare livskvalitet. Meldinga omfattar tiltak



og føringar innan både motivering og rekruttering til friluftsliv, og innanfor forvaltning av område for friluftsliv. Born og unge er prioriterte målgruppe.

### **Frivillig innsats/frivillig politikk:**

Lag og organisasjonar utgjer det som er av frivillig arbeid i kommunen i dag. Kommunen har etablert frivilligsentral som er med på å utvikla og leggja til rette for frivillige. Dette gjeld både innanfor fritidstilbod for ungdom, kultur, integrering, arbeid for eldre m.m.

På kultur og fritidsfeltet står kommunane relativt fritt til å utvikla sin eigen politikk.

Auka merksemd på aktivitet for eldre, i tillegg til dei tradisjonelle omsorgsoppgåvene, har ført til eit meir fokus på frivilligheit for å betra det samla tilbodet til eldre. Det er ulike former for å utvikla arbeidet til frivillige.

Innanfor idrett, er t.d. alle idrettslaga gode døme på frivilligheit, og korleis ein kan driva både med integrering, sosial arena, og det å vera på tilbodssida for born og unge. Her har ein og gode døme på at økonomi ikkje skal vera noko som gjer at ein ikkje kan ta del.

### **Helsedirektoratet – nasjonale anbefalingar for fysisk aktivitet:**

Helsedirektoratet sine anbefalingar om dagleg fysisk aktivitet:

Vaksne: bør kvar veke vera fysisk aktive i minst 150 – 300 min med moderat intensitet, minst 75 – 150 min med høg intensitet, eller ein kombinasjon av desse.

Born og unge: 60 minuttar dagleg fysisk aktivitet med moderat til hard intensitet.

Helsegevinstane ved regelmessig fysisk aktivitet er vel dokumentert. Det ligg føre dokumentasjon på at fysisk aktivitet er viktig for menneske i alle aldrar.

### 4.3 Regionale føringar:

#### **Anleggspolitikk og kriterier for tildeling av spelemidler til anlegg for fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv for Vestland fylkeskommune 2020 – 2024:**

Vestland fylkeskommune har vedteke at denne også skal gjelda for 2025.

Anleggspolitikk og kriterier for tildeling av spelemidler til fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv for Vestland fylkeskommune 2020 – 2025 byggjer på vedteken politikk forankra i:

- Regional plan for kultur 2019 – 2027 Sogn og Fjordane
- Regional kulturplan for Hordaland 2015 – 2025 for Hordaland.

I tillegg byggjer planen på statlege føringar og kunnskap om:

- Statistikk og utviklingstrekk i Vestland.
- Idrettsindeksen for Vestland 2017.
- Ungdata, levekårsundersøkingar og folkehelseindeks.
- Innspelundersøking frå kommunane januar 2019 og innspel frå høyringsutkastet frå kommunar/regionsråd, regionale frivillege organisasjonar, idrettsråd og idrettslag.

Føremålet er å byggja dei «riktige» anlegga og at ressursar vert nytta meir målretta.

Vestland ligg litt over landsgjennomsnitt når det gjeld anleggsdekning per innbyggjar.

#### Prinsipp for fylkeskommunen si rolle:

- Ta ei tydeleg rolle i kompetanse/utviklingsarbeid overfor dei som ønskjer å byggja anlegg.
- Ta ei tydeleg rolle i kommunal planlegging for å få betre kunnskapsgrunnlag, god behovsvurdering og medverknad, samt tverrfagleg involvering frå ulike fagfelt og ulike brukarar.
- Initiere planprosessar eller aktivt gå inn i utviklingsprosessar for ei anleggsutvikling som står i forhold til folkehelseutfordringar, aktivitetsprofil i befolkninga, demografi og idretten sine behov slik at ein byggjer dei «riktige anlegga».

### Vestland fylkeskommune legg følgjande kriterier til grunn for fordeling av spelemidlar:

1. Fylket tek utgangspunkt i dei kommunale prioriteringslistene ved tildeling. Dette betyr at ein i all hovudsak følgjer den prioriteringa kommunane har gjort, men kan gjere endringar dersom det er grunnlag for det (som t.d. at eit ordinært anlegg er prioritert høgt allereie fyrste søknads år).
2. Alle kommunar som søker skal få tildeling til minimum eitt nærmiljøanlegg
3. Friluftslivsanlegg skal prioriterast ved tildeling av spelemidlar i løpet av dei to første godkjende søknadsåra.
4. Fordeling til kommunane skjer på bakgrunn av vekting av godkjent søknadssum og folketal.
5. For å utjamne ventetida på spelemidlar mellom kommunane, må søknader til ordinære anlegg ha ein godkjend søknad i tre år før første tildeling (gjeld ikkje friluftsliv, som kan få tildeling første/andre søknads år).

### **Utviklingsplan for Vestland 2020 – 2024 – Regional planstrategi:**

Plan og bygningslova seier at fylkeskommunen minst ein gong i kvar valperiode skal laga ein langsiktig regional planstrategi. Fylkestinget har vedteke Utviklingsplan for Vestland 2020 – 2024, i møte 01.10.2020.

Planen peikar m.a. på attraktive stader og gode nærmiljø, og eit fornyande, profesjonelt og frivillig kulturliv. Hovudmål i planen er :

*« Vestland som det leiande verdiskapingsfylket og nasjonal pådrivar for eit regionalisert og desentralisert Noreg».*

## **4.4 Oppsummering kapittel 4:**

Dette kapittelet har synt til aktuelle lover og statlege og regionale føringar. Kapittelet har med prinsippa for fylkeskommunen og kriteria som ligg til grunn for tildeling av spelemidlar.

## **Kapittel 5. Definisjonar og klassifisering av anlegg.**

### **5.1 Nærmiljøanlegg:**

Nærmiljøanlegg er eit anlegg eller område for eigenorganisert, fysisk aktivitet som ligg i tilknytning til bu og /eller aktivitetsområde. Nærmiljøanlegg er berre utandørs anlegg.

Nærmiljøanlegget skal vera fritt ålment tilgjengeleg for eigenorganisert, fysisk aktivitet, fyrst og fremst for born og ungdom ( 6 – 19 år), men og for resten av befolkninga.

Nærmiljøanlegg kan berre unntaksvis nyttast til organisert, idrettsleg aktivitet, men eigenorganisert fysisk aktivitet skal ha fyrsteprioritet.

## 5.2 Ordinære anlegg:

Ordinære anlegg er anlegg for organisert og eigenorganisert idrett og fysisk aktivitet (føresegnene, s. 10).

Syner vidare til ei kvar tid gjeldande «føresegner om tilskot for idrett og fysisk aktivitet».

## 5.3 Nasjonalanlegg:

Nasjonal anlegg er idrettsanlegg som tilfredsstiller tekniske og funksjonelle standardkrav for avvikling av relevante internasjonale meisterskap og konkurransar

## 5.4 Friluftsliv:

**Friluftsområde** er store, oftast uregulerte område som i hovudsak er i private eige, og som vert omfatta av « allemannsretten». Det er ikkje krav om parkmessig opparbeiding, berre tilrettelegging for funksjon og bruk. Områda vert nytta til jakt, fiske, trim, trening m.m. Syner her til ei kvar tid gjeldande plandokument frå Vik kommune.

**Friområde** er avgrensa område med spesiell tilrettelegging og opparbeiding for ålmenta. Områda er vanlegvis erverva, opparbeidde og vedlikehelde av kommunen. Døme på friområde kan vera parkar, turvegar, badeplassar, leikeplassar, nærmiljøanlegg m.m.

## 5.5 Definisjonar:

- ❖ **Idrett:** Idrett kan forståast som trening og konkurranse i den frivillege, medlemsbaserte idretten.
- ❖ **Fysisk aktivitet:** Ein kvar aktivitet der ein nyttar musklane/kroppen som gjev auka energiforbruk.
- ❖ **Friluftsliv:** Opphald og fysisk aktivitet i friluft i fritida, med sikte på endring i miljø og naturoppleving.

- ❖ **Ordinære anlegg:** Anlegg for organisert idrett og eigenorganisert fysisk aktivitet.
- ❖ **Nærmiljøanlegg:** Anlegg eller område for eigenorganisert fysisk aktivitet, som ligg i tilknytning til bu – og/eller opphaldsområde. Nærmiljøanlegg er berre utandørs.
- ❖ **Rehabilitering:** Er ei istandsetting av anlegget som skal gje vesentleg funksjonell og bruks messig heving av standarden i høve til dagens situasjon. Tilskot her føreset ein heilskapleg tilnærming til anlegget. Dvs at ein må ha vurdert behovet i heile anlegget, sjølv om ein berre søker tilskot til rehabilitering av deler av anlegget.

## 5.6. Folkehelse – folkehelsearbeid:

**Folkehelse** kan definerast som helsetilstanden til befolkninga og korleis helsa fordeler seg i ei befolkning ( folkehelselova).

**Folkehelsearbeid** er samfunnet sin samla innsats for å oppretthalda, betra og fremja befolkninga si helse gjennom å svekkja faktorar som medfører helserisiko, samstundes som ein styrkjer faktorar som bidreg til betre helse.

### **Fysisk aktivitet som førebyggjande folkehelsetiltak:**

Handlar om å leggja til rette for aktivitetar i kvardagen til alle menneske.

Ein person som er inaktiv kan få vesentleg fleire leveår og auka livskvalitet ved å auka aktivitetsnivået, og verta meir aktiv. Difor er dette og samfunnsøkonomiske tiltak.

### **Den organiserte idretten:**

Den organiserte idretten er ein svært viktig arena for fysisk aktivitet. Den organiserte idretten fungerer og som sosial møteplass der vennskap vert knytt, nettverk vert bygde og sosiale ferdigheiter vert utvikla.

I Noreg går det aller meste av barne og ungdomsidretten føre seg i regi av Norges Idrettsforbund (NIF). Medlemsskap i organisert idrett fører med seg ei rekkje plikter som

dugnader, og ansvar på ulike nivå. Dei unge som tek del i organisert idrett i Noreg tek dermed del i regelmessig fysisk aktivitet og trening i ein sosial setting som dei har felles med nesten alle born i Noreg (Kjønniksen, Anderssen & Wold 2009).

### **Personar med innvandrarbakgrunn og integrering:**

Me veit at mange ungdommar i kommunen er godt integrerte og er aktive i idrett, særleg innan fotball. Likevel peikar NOU ( 2011:14) på at ungdom med ikkje vestleg bakgrunn er sjeldnare med og har større fråfall enn resten av ungdommane.

### **Idrett og fysisk aktivitet ved skulane:**

*I Handlingsplan for fysisk aktivitet ( 2020 - 2029) – saman om aktive livt.* Departementet sin visjon er at rørsle og fysisk aktivitet er eit naturleg val for alle gjennom heile livet.

Dei to hovudmåla for handlingsplanen er:

1. Eit meir aktivitetsvenleg samfunn der alle får moglegheit til rørsle og fysisk aktivitet uavhengig av alder, kjønn, funksjonsnivå og sosial bakgrunn.
2. Del av befolkninga som oppfyller helsemessig oppmoding om fysisk aktivitet, vert auka med 10% innan 2025, og 15% innan 2030.

Fysisk aktivitet har både ein eigenverdi og ein nytteverdi. Eigenverdien av fysisk aktivitet er knytt til gleda ved å vera aktiv, vera sosial, m.m. Nytteverdien av fysisk aktivitet er knytt til dei helsevinstane ein oppnår ved det å vera fysisk aktiv.

Skulane spelar ei viktig rolle for utvikling av gode vanar knytt til aktivitet. Grunnskulen tek hand om borna i ein viktig periode for utvikling av fysiske ferdigheiter, der alderen 10 – 12 år vert kalla «gullalderen» for utvikling av motoriske ferdigheiter.

Ungdomsskulen er ei brytningstid der skulearbeidet og nye interesser ofte kan føra til mindre fysisk aktivitet for mange. Det er m.a. stort fråfall frå idretten i ungdomsskulealderen.

Skulane er samlingspunktet i nærmiljøa. For å skapa gode, vedvarande assosiasjonar til fysisk aktivitet, er det viktig at skulane legg til rette for dette i kroppsøvningsfaget og leik i friminutta.

Skulane har dagleg fysisk aktivitet, idrettsdagar, turar m.m. I tillegg fungerer uteområda ved skulane som nærmiljøanlegg og sosiale møteplassar.

### **Universell utforming:**

Universell utforming er utforming av produkt og omgjevnader på ein slik måte at dei kan nyttast av menneske, i så stor grad som mogleg, utan trong for tilpassing og ei spesiell utforming.

Alle satsingar og tiltak i planen tek i størst mogleg grad omsyn til dette.

Regjeringa sin handlingsplan *Norge universelt utforma 2025*, har som mål at alle kommunar har friluftsområde for allmenn bruk som er universelt utforma.

### **Folkehelse:**

I Folkehelsemeldinga Meld.St 15 (22 - 23 ) « Nasjonal strategi for utjamning av nasjonale helseforskjellar» finn ein følgjande mål:

« - Norge skal være blant de tre landene i verden som har høyest levealder

- Befolkningen skal oppleve flere leveår med god helse og trivsel og redusere helseforskjeller
- Vi skal skape et samfunn som fremmer helse i hele befolkningen».

Å vekse opp i eit nabolag og lokalsamfunn som er prega av fellesskap, sosial samhandling og varierte fritidsaktivitetar fremjar trivsel og helse blant barn og unge. I arealplanlegginga kan kommunen legge til rette for trygge og aktivitetsfremjande omgjevnader der barn og unge får varierte moglegheiter for sosialt samvær, og for å leike og utfalde seg saman med andre.

Samfunnsøkonomiske utrekningar syner at innbyggjarane i Norge kan vinna mange kvalitetsjusterte leveår dersom alle hadde fylt anbefalingane for fysisk aktivitet. Dvs fleire friske innbyggjarar og fleire som lever lenger utan sjukdom.

Fritidstilbud som blir utforma slik at dei er tilgjengelege for alle, kan bidra til å jamne ut sosiale forskjellar. For unge med mindre nettverk og for flyktningar og unge som står utanfor skule og arbeidsliv, kan slike tiltak bidra til å styrke kjensla av å høyre til i lokalmiljøet ([www.folkehehseinstituttet.no](http://www.folkehehseinstituttet.no)).

Folketalsframskrivinga for kommunen viser at nedgangen i folketalet held fram. Sjølv dei mest optimistiske prognosane varslar nedgang.

Nedgang i befolkninga og skeiv alderssamansetjing er ei utfordring i Vik kommune. Sett i samanheng med idrett og fysisk aktivitet, vil dette gje utfordringar i høve rekruttering. Kanskje vil det og føra til ei endring inn imot type anlegg og aktivitetar.

### **Eigenorganisert fysisk aktivitet:**

Den eigenorganiserte fysiske aktiviteten har mykje å seia for folkehelsa. Trening på eiga hand er vorte viktigare for mange vaksne. Turstiar, større utmarksareal og private helsestudio er i aukande grad nytta til trening og mosjon.

Om lag 3% av alle aktive driv med konkurranseidrett. Resten tek del i eit breitt spekter av aktivitetar, der tid, samanlikning og prestasjonar ikkje er noko viktig mål. Dette er den vaksne breiddeidretten. Hovudtyngda av trening og mosjon hjå vaksne nordmenn går føre seg i friluft, utanfor idrettsanlegga. Den vanlegaste forma for aktivitetar er turar i skog og mark, på fjellet, til fots, på sykkel og på ski. Den norske turkulturen står sterkt.

Vik kommune legg til rette for uorganisert aktivitet og breiddeidrett gjennom turvegar, skiløyper, nærmiljøanlegg og opne idrettsanlegg.

Turlaga i kommunen ( både for born og vaksne) er svært viktige i dette arbeidet.

I tillegg er det offentleg bading gjennom bassenget på Flatbygdi skule. Denne aktiviteten har i fleire år vore i regi av Vik idrettslag, handballgruppa.

### **Oppsummering kapittel 5:**

Dette kapittelet har teke føre seg generelle utviklingstrekk og utviklingstrekk i kommunen.



## Kapittel 6. Målsetting for utbygging av anlegg og område.

### 6.1 Overordna mål – Nasjonale mål:

#### **Idrett:**

Idrett er den vanlegaste og klårt mest populære fritidsaktiviteten hjå born og unge i alderen 9 – 15 år i Noreg. 76% av borna i denne aldersgruppa dreiv med organisert idrett i 2021.

([www.ssb.no](http://www.ssb.no)).

«Idretts glede for alle» er visjonen til idretten sitt øvste organ, Norges idrettsforbund og olympiske og paraolympiske komite (NIF).

Staten sin overordna målsetting er « idrett og fysisk aktivitet for alle». For å nå dette målet skal staten gjennom ulike verkemiddel leggja til rette for at alle som ynskjer det, skal ha muligheiter til å ta del i idrett ( lag eller eigenorganisert). For å kunna leggja til rette for eit omfattande og inkluderande aktivitetstilbod, vert det særleg lagt vekt på å utvikla attraktive tilbod til born og unge. I tillegg har staten ei hovudmålsetting om at den frivillige og medlemsbaserte idretten skal sikrast gode rådevilkår. Det viktigaste verkemiddelet for å få til dette er ei satsing på anlegg.

#### **Friluftsliv:**

Grunngjevinga for å ha ein offentleg friluftspolitikk er basert på helsepolitiske og miljøpolitiske argument, jamfør m.a. Meld. St. 18 ( 2015 – 2016) « Friluftsliv – Natur som kjelde til helse og livskvalitet».

Allemannsretten, retten til fri ferdsel, opphald og aktivitet i utmark, utgjer fundamentet for våre friluftstradisjonar.

Den nemnde stortingsmeldinga legg til grunn følgjande definisjon av friluftsliv:

*« Opphold og fysisk aktivitet i friluft i fritiden med sikte på miljøforandringar og naturopplevelse».*

Sentralt i meldinga er å rekruttera born og unge til friluftsliv. Erfaringane syner at personar som får oppleve gleda ved friluftslivet som barn, vil halda fram med friluftsliv også i vaksen

alder. At ein i tillegg truleg vil halda fram med å ta sine born att ut i naturen. Difor vert friluftslivet ei kjelde til helse og livskvalitet heile livet. Satsinga på friluftsliv er sentralt i regjeringa sitt folkehelsearbeid.

Natur og naturopplevingar har stor positiv effekt på den psykiske helsa til folk.

Meldinga peikar og på at befolkninga i Norge er vorte meir mangfaldig, noko som påverkar friluftslivet. Eit hovudmål innan folkehelsearbeidet er å auka den jamne fysiske aktiviteten i befolkninga. At alle skal finna ein aktivitet som dei trivst med. Å gå tur er den vanlegaste aktiviteten i alle aldersgrupper, og går som regel føre seg uorganisert.

Kunnskap om allemannsretten er viktig. Ikkje berre for å unngå konflikhtar, men og for å sikra oppslutnad om friluftslivet. Meld. St. 18 (2015 – 2016) « friluftsliv – Natur som kjelde til helse og livskvalitet», peikar på at fylkeskommunar, kommunar og frivillige organisasjonar samarbeider om informasjonsopplegg knytt til allemannsretten.

## 6.2 Regionale mål:

Anleggspolitikk og kriteria for tildeling av spelemidlar til fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv for Vestland fylkeskommune er forankra i Regional plan for kultur 2023–2035 for Vestland.

### Situasjonen i Vestland fylke:

Idrettsindeksen for Vestland 2023 syner at 31,5 % av er aktive i idrett. Det var ein nedgang på landsbasis under pandemien, men ein er no på nivå med det som var før pandemien, i 2019. Idrettsindeksen for 2023 syner at auken i aktiviteten er større i Vestland enn landet elles. Fylket ligg høgare enn landsgjennomsnittet i deltaking i luftsport, fotball, symjing, handball, anna ballsport, friidrett, kampsport, turn og gymnastikk, orientering og friluftsliv.

Anleggsutvikling er det verkemiddelet for å nå visjonen «Fysisk aktiv kvar dag» for folk i Vestland. Vestland ligg på nivå med landsgjennomsnittet når det gjeld anleggsdekning per innbyggjar. Ein god anleggsutvikling tek omsyn til demografi og levekårsutfordringar, aktivitetsprofil i befolkninga og anleggsstatus.

## 6.3 Kommunale mål:

For at innbyggjarane i Vik kommune skal kunna vera fysisk aktive enten gjennom organisert idrett, annan fysisk aktivitet eller friluftsliv, er det viktig at Vik kommune sikrar innbyggjarane gode rådevilkår. Gode rådevilkår vil seia tilgjengelege og gode idrettsanlegg og andre arena for fysisk aktivitet. God tilgjengelegheit er både treningstid i Blixhalli, grøntområde, turveg, idrettsanlegg, nærmiljøanlegg for born og unge, m.m. Med bakgrunn i dette har planen følgjande kommunale mål:

### ✓ Idrett og fysisk aktivitet:

#### **Hovudmålet:**

Å auka det fysiske aktivitetsnivået hjå alle innbyggjarane i Vik kommune, ut i frå «sitt eige nivå». Dei innbyggjarane i kommunen som har særskilt interesse for idrett og friluftsliv skal ha høve til personleg utvikling og karriere.

Vik kommune ser det som viktig å leggja til rette for trivsel og personleg utvikling for alle grupper.

#### **Korleis nå måla?**

Dette skal gå føre seg gjennom fysisk tilrettelegging i samarbeid mellom Vik kommune og lag, organisasjonar og andre frivillige.

Ulike lag og organisasjonar dannar basis for kommunen sin politikk i samband med idrett, friluftsliv og folkehelse.

#### **Delmål 1:**

Idretts og nærmiljø i kommunen skal fungera som gode møteplassar med vekt på inkludering og hindra utaforskap.

#### **Delmål 2:**

Flest mogleg av born og unge får ta del i ulike aktivitetar, utan at økonomi vert ei barriere for deltaking.

#### **Delmål 3:**

Moderate aktive vert meir aktive og inaktive kjem i aktivitet.

**Delmål 4:**

Stimulera til breidde og konkurranseidrett.

**✓ Friluftsliv:**

Sikra areal for fysisk aktivitet og friluftsliv. Sjå dette i samanheng med arbeidet som vert gjort i kommuneplanen sin arealdel. Barnehagane og skulane i Vik kommune arbeider mykje med natur og friluftsliv. Dette er med på å danna grunnlaget og auka interessa for friluftsliv i seinare år.

**6.4 Anleggsutbygging:**

Hovudmålet for anleggsutbygginga er at alle grupper i befolkninga skal få høve til å driva helsefremjande idrett, fysisk aktivitet og friluftsliv i sitt eige lokalmiljø, heile året.

I samarbeid med særleg Vik idrettslag, har Vik kommune hatt stor utbygging av diverse anlegg dei seinare åra. Her kan nemnast utbygginga av Kålsete skianlegg og Vik aktivitetspark. Desse utbyggingane har gjort at innbyggjarane i kommunen kan ta i bruk gode anlegg med tanke på ski, friidrett og fotball.

I tillegg har kommunen gode turstiar, og dagsturhytte. Dette i seg sjølv har truleg ført til større aktivitet generelt hjå innbyggjarane i kommunen.

**Utbyggingsmål:**

I åra framover må ein sikra rehabilitering og vedlikehald av eksisterande anlegg. Dette skal gjerast i samanheng med andre gjeldande kommunale planar.

Alle utbyggingsplanane må sjåast i samanheng med Vik kommune sin arealdel i kommuneplanen. Planane for anleggsutbygginga er ein føresetnad for tildeling av spelemidlar.

Prioriteringa av arbeidet med nærmiljøanlegga og uteområda på skulane i kommunen vert sett i samanheng med gjeldande struktur.

### **Behovsvurdering:**

Utbygginga av anlegg og område for idrett og friluftsliv bør ta utgangspunkt i aktiviteten og behovet i befolkninga. At ein i framtida prioriterer idrettar og anlegg som det er naturleg grunnlag for i befolkninga. Tal innbyggjarar i kommunen gjer og at ein bør vurderer anlegg som dekkjer behovet for fleire idrettar ( fleirbruksanlegg).

### **Skulane:**

Skulane sine behov for utandørs område og leikeareal i skuletida må sjåast i samanheng med behovet for eit betre oppvekstmiljø for born og unge. Dette er område som kjem inn under kategorien nærmiljøanlegg.

Skulane Feios og Flatbygdi, og uteområde til Fresvik Enspire, skule har behov for utbygging av nærmiljøanlegg.

### **Ski/skiskyting:**

Vik kommune/Vik idrettslag har fått bygd ut Vik idrettspark og Vik skisenter. Dette gjer at kommunen har flotte og tenleg skianlegg og skiskyttararena. Anlegget er klassifisert for store meisterskap.

### **Fotball:**

Fotball er den største gruppa i Vik idrettslag, og den aktiviteten med flest born og unge i Vik kommune.

Arena for fotball er kunstgrasbana og grasbana ved Vik idrettspark/Vik stadion. Grasbana er vorte rehabilitert. Vidare framover vil det verta behov for rehabilitering av kunstgrasbana og fasilitetane omkring den.

**Hestesport:**

Vik ride- og køyreklubb disponerer anlegg i Kålhagen. Ride- og køyreklubben ynskjer å byggja ridehall og få anlegget rehabilitert.

**Skyteanlegg:**

Det har lenge vore ynskje om innandørs- og nytt utandørs skytebaneanlegg i kommunen. Det er eit eksisterande utandørs skyteanlegg på Tenne som har behov for rehabilitering.

### 6.4.2 Rehabilitering av eit idrettsanlegg:

Rehabilitering av eit idrettsanlegg er ei istandsetjing av anlegget som gjev vesentleg funksjonell og bruks messig standardheving i høve til dagens situasjon.

**Ansvar og roller:**

| Ansvarleg      | For kva                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                            | Kommentar                                                                                                          |
|----------------|------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------|--------------------------------------------------------------------------------------------------------------------|
| Vik kommune    | <ul style="list-style-type: none"><li>• Anlegg for fysisk aktivitet, Blixhalli og nærmiljøanlegg</li><li>• Symjebassenget på Flatbygdi skule</li><li>• Å leggja til rette for aktivitetar retta mot spesielle målgrupper.</li><li>• Symjeopplæringa i skulane ( etter Opplæringslova).</li><li>• Arealplanlegging: planlegging av anlegg og område for fysisk aktivitet.</li></ul> | Vik kommune er eigar av anlegga/nærmiljøanlegga ved Vik idrettspark. Vik idrettslag er eigar av Kålsete skianlegg. |
| Vik idrettsråd | <ul style="list-style-type: none"><li>• Ta opp felles saker på vegne av idretten i kommunen.</li><li>• Rådgjevande organ i viktige idrettslege spørsmål i kommunen.</li><li>• Fordeling av LAM-midlar, drøfta prioriteringa av spelemidlar, m.m.</li></ul>                                                                                                                         |                                                                                                                    |

|                                        |                                                                                                                                                                                                |                                                                                                        |
|----------------------------------------|------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------|--------------------------------------------------------------------------------------------------------|
| Lag og organisasjonar                  | <ul style="list-style-type: none"> <li>• Aktivitetstilbod for alle, særleg born og unge.</li> <li>• Bygga og halda vedlike eigne anlegg.</li> <li>• Marknadsføra eigne aktivitetar.</li> </ul> | Frivillige lag og organisasjonar er sjølve grunnstamma i organisering av idrett og friluftaktivitetar. |
| Den einskilde innbyggjar i Vik kommune | <ul style="list-style-type: none"> <li>• Alle vaksne innbyggjarar har eit sjølvstendig ansvar for å ta vare på eiga helse.</li> </ul>                                                          |                                                                                                        |

## Drift og vedlikehald – behovsvurdering:

### Anlegg i Vik:

- **Skianlegg Kålsete:**

Vik kommune har ingen direkte kostnader til drift og vedlikehald. Vik kommune har likevel driftskostnader knytt til vegen opp til skianlegget.

- **Vik idrettspark ( friidrett, fotball og nærmiljø):**

Vik kommune er eigar av anlegga. Vik idrettslag har ein langsiktig bruksavtale for området. Vik kommune har sett vekk det meste av arbeidet med drift og vedlikehald av Vik aktivitetspark til Vik idrettslag.

- **Nærmiljøanlegg:**

Uteområda på skulane har status som nærmiljøanlegg. Vik idrettspark har og status som nærmiljøanlegg.

Det er knytt relativt omfattande behov for utbygging av nærmiljøanlegget på Flatbygdi skule. Dette har samband med tal born i skuletida, samt bruken av uteområdet utanom skuletida/fritida.

- **Skyteanlegg ute og innandørs skyteanlegg:**

Skyttarlag i kommunen har per i dag ikkje noko godkjente anlegg for skyting. Dette har ført til at aktiviteten har gått jamt nedover. Skyttarlag har difor innleia eit samarbeid for å få realisert arbeidet med bygging av ny utandørs og innandørs skytebane.

- **Handball:**

Heimekampane for handball går føre seg i Blixhalli. Hallen ( særleg golvet) treng rehabilitering. Hallen er heller ikkje universelt utforma.

- **Friidrett:**

Friidrettsanlegget er i god stand. Ingen trong for rehabilitering.

- **Klubbhus:**

Klubbhuset ved friidrettsanlegget ( Vik stadion) er nyleg rehabilitert.

- **Bassenget på Flatbygdi skule.**

Bassenget på Flatbygdi skule vart rehabilitert for nærare 20 år sidan. Bassenget har stor trong for rehabilitering.

- **Klatreanlegg:**

Det er klatrevegg i Blixhalli. Veggen treng rehabilitering.

- **Modig stadion:**

Idrettslaget Modig har eit oppdrag med stell av kommunale uteområde i Fresvik. Gjennom denne avtalen vert det stilt utstyr til disposisjon som vederlagsfritt og vert nytta til drift av idrettsbana. Det er et er eit stort behov for rehabilitering av stadion. Klubbhuset har også behov for rehabilitering dei komande åra.

## 6.5 Tiltak – oversikt over delmål:

| 1. Leggja til rette for fysisk aktivitet i nærmiljøet: |    |             |           |
|--------------------------------------------------------|----|-------------|-----------|
| Tiltak                                                 | Nr | På kva måte | Ansvarleg |
|                                                        |    |             | Når       |



|    |                                               |                                              |              |
|----|-----------------------------------------------|----------------------------------------------|--------------|
| 1. | Ha tilgjengelege aktivitetsanlegg ved skulane | Vik kommune                                  | Kontinuerleg |
| 2. | Utvikla nærmiljøområdet ved Vik idrettspark   | Vik kommune i samarbeid med Vik idrettslag   | Kontinuerleg |
| 3. | Bruka nærmiljøet aktivt                       | Skular, barnehagar, SFO                      | Kontinuerleg |
| 4. | Merking og skilting av stiar og turløyper     | Vik turlag og aktuelle bygdelag / idrettslag | Sesong       |
|    |                                               |                                              |              |
| 5. | Toalettanlegg ved badestranda Vik sentrum     | Vik kommune                                  | Innan 2028   |

## 2. Flest mogleg born og unge får ta del i ulike aktivitetar, utan at økonomi vert ei barriere for deltaking

|    |                                                                  |                                                                                        |              |
|----|------------------------------------------------------------------|----------------------------------------------------------------------------------------|--------------|
| 1. | Samarbeid ved konkrete saker – hjelp til deltaking, utstyr m.m.  | Vik kommune i samarbeid med lag og organisasjonar – frivilligsentral og utstyrssentral | Kontinuerleg |
| 2. | Gratis leige av Blixhalli for born og unge opp til og med 16 år. | Vik kommune                                                                            | Kontinuerleg |

### 3. Moderate aktive vert meir aktive, og inaktive kjem i aktivitet:

|    |                                                               |                                                                        |              |
|----|---------------------------------------------------------------|------------------------------------------------------------------------|--------------|
| 1. | Oppmoda elevane om å gå eller sykla til/frå skulen            | Vik kommune - skulane                                                  | Kontinuerleg |
| 2. | Arbeida for fleire gang og sykkelveggar.                      | Vik kommune i samarbeid med Statens vegvesen og Vestland fylkeskommune | Kontinuerleg |
| 3. | Støtte til prosjekt retta mot friluftsliv og naturopplevingar | Vik kommune i samarbeid med lag og organisasjonar                      | Kontinuerleg |

### 4. Stimulera til breidde og konkurranseidrett:

|    |                                                                                   |             |              |
|----|-----------------------------------------------------------------------------------|-------------|--------------|
| 1. | Ha føreseielege økonomiske rammer for lag og organisasjonar                       | Vik kommune | Kontinuerleg |
| 2. | Ha støtteordningar til aktive ( individuelle og lag) som hevar seg i toppidretten | Vik kommune | Kontinuerleg |

## Oppsummering kapittel 6:

Dette kapittelet har teke føre seg målsetting for utbygging av anlegg og område, samt rehabilitering av anlegg.

I åra framover må ein sikra rehabilitering og vedlikehald av eksisterande anlegg. Dette skal gjerast i samanheng med andre gjeldande kommunale planar.

## Kapittel 7– økonomi.

### 7.1 Finansiering av utbygging:

I prinsippet vert idrettsanlegga/nærmiljøanlegga finansierte ved:

- Eigenkapital, dugnad, tilskot frå kommune/fylkeskommune, spelemidlar, lån, rabattar og gåver.

Spelemidlane vil i dei fleste tilfelle vera ei viktig finansieringskjelde. Ein må likevel rekna med at ein må stå i kø når det gjeld tildeling av desse midlane. Trass godkjende søknader, kan det likevel ta noko tid før ein får tildelt midlar. Difor må ein ha ei mellomfinansiering til dess ein faktisk får tilsegn om midlar.

## Kapittel 8. Prioriterte satsingsområde i planperioden:

Prioriterte satsingsområde i planperioden vert:

Ferdigstilling av Vik aktivitetspark:

- Trafikkforhold/veg
- Lager/servicebygg m/tribune

I tillegg:

- Utvikling av nærmiljøanlegget på Flatbygdi skule
- Utvikling av nærmiljøanlegget på Feios skule

### 8.1: Område – regulerte for idrett og friluftsliv:

| Sokner/anlegg                  | Planstatus      |
|--------------------------------|-----------------|
| Vik:                           |                 |
| Vik idrettspark                | Reguleringsplan |
| Nærmiljøanlegg Vik idrettspark | Reguleringsplan |

|                                  |                                                                                                                                                                   |
|----------------------------------|-------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------|
| Nærmiljøanlegg Flatbygdi skule   | Reguleringsplan                                                                                                                                                   |
| Vik skisenter Kålsete            | Reguleringsplan                                                                                                                                                   |
| Turveg Sylvringen                | Reguleringsplan                                                                                                                                                   |
| <b>Vangsnes:</b>                 |                                                                                                                                                                   |
| Svidlangmyri skytebane           | Det ligg føre ein reguleringsplan frå 2002. Denne planen tilfredsstiller ikkje formelle krav. Det er difor vurdert slik at ein ikkje går vidare med denne planen. |
| <b>Feios:</b>                    |                                                                                                                                                                   |
| Nærmiljøanlegg                   | Reguleringsplan                                                                                                                                                   |
| Skåramyri skianlegg              | Ikkje reguleringsplan                                                                                                                                             |
| <b>Fresvik:</b>                  |                                                                                                                                                                   |
| Modig stadion                    | Kommuneplan frå 1989, og Kommuneplanen sin arealdelen                                                                                                             |
| Aktivitetsområde for ski i Skard | Det er ein reguleringsplan for området «Skard». Planen vart vedteken i 1989.                                                                                      |
| <b>Arnafjorden:</b>              |                                                                                                                                                                   |
| Skytebane på Tenne               | Kommuneplanen, arealdelen                                                                                                                                         |
| Rundøyri, friområde              | Reguleringsplan                                                                                                                                                   |

## 8.2 Anlegg som skal styrast av regional plan – Vestland:

Eit fylkesanlegg skal ha ein slik standard at det kan nyttast til nasjonale meisterskap og internasjonale konkurransar. Einskilde anlegg skal styrast av den regionale planen.

Vik kommune har tidlegare spela inn tiltaket med rehabilitering av golvet i Blixhalli, samt universell utforming av sjølve hallen.

## 8.3 Regionalt samarbeid:

Kulturdepartementet har tidlegare gjeve signal om at kommunane bør samarbeida meir om større anlegg. Samarbeidet kan resultera i eit større brukargrunnlag.

Geografisk sett ligg Vik kommune slik til at ein ikkje lett kan nytta seg av anlegg i nabokommunane. Offentlege kommunikasjonar er heller ikkje av slik frekvens at born og unge i Vik kommune, kan ta del i treningar og aktivitetar i nabokommunane. For å få til eit slikt opplegg, er ein avhengig av privat skyss eller taxi. Dette gjev store reisekostnader og mykje bruk av tid. Difor er det viktig at det faktisk er ulike typar anlegg i kommunen, og at innbyggjarane lett kan ta desse anlegga i bruk. Dvs opne anlegg med tilbod for flest mogleg.

## 8.4 Handlingsprogram – etter prioritet:

Denne planen er underlagt økonomiplanen. Ei ev deltaking i ulike tiltak og prosjekt vert fyrst løyst ut etter godkjent budsjettvedtak for det aktuelle året anlegget er prioritert.

### **Budsjett for 2025 og økonomiplanen syner ei slik fordeling av midlane:**

- Aktivitetstilskot alle idrettslaga: 100.000

### 8.4.1 Handlingsprogram ordinære anlegg etter prioritet:

1. Garderobebygg Vik aktivitetspark  
Eigar: Vik kommune  
Status: under arbeid  
Type søknad: fornya  
Kostnad: 6. 570. 785  
Finansiering: Spelemidlar 800 000, anna finansiering 5 770 785
2. Turvegar Vik – sylvringen  
Eigar: Vik kommune  
Status: planlagt  
Type søknad: ny  
Kostnad: 1.400.000  
Finansiering: ikkje sett enno
3. Ombygging av Blixhalli universell utforming  
Eigar: Vik kommune  
Status: planlagt  
Type søknad: ny  
Kostnad: 2.500.000  
Finansiering: ikkje sett enno

#### 4. Rehabilitering av golvet Blixhalli

Eigar: Vik kommune

Status: planlagt

Søknad: ny

Kostnad: 1.400.000

Finansiering: ikkje sett enno

Mange opplever dårleg luftkvalitet under trening og aktivitet i Blixhalli. Ventilasjonsanlegget i Blixhalli bør kontrollerast og ev. rehabiliterast så snart som mogleg.

#### 8.4.2 Handlingsprogram – nærmiljøanlegg etter prioritet:

Det er per i dag ingen aktuelle søknader til nærmiljøanlegg.

#### 8.4.3 Langsiktig del ordinære anlegg – uprioritert liste

- Skytebane Tenne ( rehabilitering)
- Kaldhall fotball /eller innandørs anlegg for fotball og friidrett
- Sentralt skyteanlegg Svidlangmyri
- Lys på Vik stadion ( friidrett)
- Sikringsbu – Jashaugsbu ( Fresvik)
- Rehabilitering av turstien Gunnarsete
- Rehabilitering av turstien inn til Tundalen, Fresvik
- Ny funksjonærbu Aafettdalen m/kjøkken og toalett
- Trafikkområde Vik aktivitetspark
- Aktivitetsområde Ski – Skard Fresvik
- Aktivitetshus
- Skytebane Åfetdalen
- Innandørs skyteanlegg
- Ridehall Kålhagen
- Rideanlegg Kålhagen (rehabilitering)
- Frisbeegolf anlegg på Vangsnes
- Rehabilitering av kunstgrasbana i Vik
- Rehabilitering av Ballbingane i kommunen
- Rehabilitering av klubbhuset på Modig stadion

#### 8.4.4 Langsiktig del nærmiljøanlegg – uprioritert liste:

- Nærmiljøanlegg Flatbygdi skule
- Nærmiljøanlegg Feios skule
- Nærmiljøanlegg uteområde Fresvik Enspire skule